

Driftstilskot til kultur og folkehelse

Vurdering og tildeling av tilskot skjer i tråd med fylkeskommunale styringsdokument:

- Utviklingsplan for Vestland 2024-2028
- Kultur bygger samfunn - regional plan for kultur 2023-2035, med tilhørende handlingsprogram og årsplan
- Handlingsprogram for folkehelse
- Rettleiar for tildeling av tilskot i Vestland fylkeskommune

Føremål

Tilskotsordninga skal bygge opp under visjonen «Kultur bygger samfunn» i Regional plan for kultur 2023–2035.

Driftstilskot er eit langsiktig og strategisk verkemiddel. Tilskotsordninga skal støtte aktørar til å drive verksemd eller utføre oppgåver i tråd med regionale eller nasjonale interesser som fylkeskommunen har eit ansvar for. Ordninga skal støtte opp om eit aktivt, inkluderande og allsidig sivilsamfunn i fylket. Ordninga skal fremme deltaking, engasjement, ansvar og vidareføring av felles verdier innan kunst, kultur, kulturarv, idrett, friluftsliv, folkehelse, demokrati og samfunnsdeltaking.

Tilskotsmidlane skal

- bidra til drift av organisasjonar og institusjonar som har sterk og tydeleg verdi for føremålet med ordninga i heile eller store delar av Vestland
- støtte aktørar som driv verksemd av regional eller nasjonal interesse som fylkeskommunen har eit særleg ansvar for
- bidra til at alle skal ha moglegheit til å delta, engasjere seg og ta ansvar i samfunns- og organisasjonslivet
- styrke arbeidet med demokratiopplæring og organisasjonsopplæring for barn og ungdom
- stimulere til frivillig innsats for vern, vidareføring, formidling og bruk av faste kulturminne, kulturmiljø og landskap av regional og nasjonal verdi.
- støtte opplæringsverksemd gjennom regionale studieforbund

Søknadsfrist

Årleg søknadsfrist er på våren. Denne blir kunngjort på nettsidene til fylkeskommunen seinast éin månad før fristen.

Målgruppe for ordninga

- organisasjonar og institusjonar innan det breie frivillige og profesjonelle kulturfeltet i Vestland
- innbyggjarane i Vestland

Kven kan søke om støtte

- organisasjonar med særleg regional eller nasjonal verdi eller funksjon, og eit tydeleg føremål innan ordninga sitt verkeområde
- frivillige organisasjonar, stiftingar eller ideelle aksjeselskap som har ansvar for vedlikehald og/eller formidling av kulturminne av høg regional eller nasjonal verdi i Vestland fylke. I særskilde tilfelle kan private eigarar søke etter fagleg vurdering
- regionale frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar som kan vise til lokal aktivitet gjennom lokallag i Vestland fylke, og som har minst 50 teljande medlemmer i fylket

- regionale ledd tilslutta eit godkjent studieforbund på nasjonalt nivå etter lov om vaksenopplæring, og som har gjennomført minst 500 registrerte studietimar dei to føregåande åra
- regionale ungdomspolitiske organisasjonar der moderpartiet har eitt eller fleire medlemmer i Vestland fylkesting

Dette vert støtta - prioriteringar

Søknadene blir prioritert ut frå gjeldande fylkespolitiske mål og planar innan kultur og folkehelse.

- Fylkeskommunen gir driftstilskot til organisasjonar som gjer tilbod innan ordninga sitt føremål tilgjengelig for flest mogleg, og der aktiviteten fyller føremålet for ordninga.
- Paraply- og nettverksorganisasjonar innan frivillig sektor kan prioriterast.
- Med drift meinast administrasjon og aktivitetar som ligg i føremålet til organisasjonen.

Det kan ikkje bli gitt tilskot til

- a) organisasjonar som har drift av utprega kommersiell karakter, innsamling som føremål eller verkeområde og profil avgrensa til lokalmiljøet.
- b) organisasjonar der aktivitetane er knytte til undervisning, praksis, vurdering eller studiepoenggejevande opplæring ved utdanningsinstitusjonar
- c) trus- og livssynssamfunn
- d) organisasjonar som mottek driftstilskot frå statsforvaltar eller andre statlege ordningar på regionalt nivå, der fylkeskommunalt driftstilskot ville innebære overlappande finansiering av same føremål. Avgrensinga gjeld ikkje verksemdar som inngår i nasjonale samfinansieringsordningar der regional eller kommunal medverknad er ein føresetnad for statleg tilskot
- e) organisasjonar som primært rettar verksemda si mot barn og unge i utdanningssystemet

Krav til søknaden

Alle søkarar skal bruke nettbasert søknadsskjema ved innsending av søknad.

Det er eit vilkår at søkaren i tillegg sender inn følgjande vedlegg via eit eige nettskjema, etter frist gitt av fylkeskommunen:

- godkjent årsmelding og rekneskap for året før
- budsjett for søknadsåret
- vedtekter for organisasjonen
- rapport for året før (gjeld søkarar som fekk driftstilskot året før)

Søknad og vedlegg må vere sendt på rett måte innan søknadsfristen. Fylkeskommunen kan gje søkaren høve til å rette opp manglar i søknaden innan ein seinare frist. Blir manglane ikkje retta innan fristen, kan søknaden bli avvist.

Minste søknadssum er 50 000 kr.

Krav til søkar:

- organisasjonen må ha vore etablert i minst eitt år og skal vere tilgjengeleg også i periodar utan naturleg aktivitet
- organisasjonen må vere registrert i Einingsregisteret og ha hovudverksemda si i Vestland
- frivillige organisasjonar må vere registrert i Frivilligregisteret
- organisasjonen kan ikkje ta økonomisk utbytte

Organisasjonen må følge norske lover, vere open og demokratisk, og drive verksemda på ein etisk forsvarleg måte for å kunne få tilskot i ordninga. Dette inneber mellom anna at

- verksemda er mest mogleg berekraftig, i tråd med FN sine berekraftsmål, med særleg omsyn til klima
- styret i organisasjonen har god kjønnsbalanse
- kunstnarar og fagpersonar blir honorerte i tråd med gjeldande avtalar, vederlagsordningar og tilrådde satsar der dette er relevant
- organisasjonen aktivt legg til rette for inkludering, uavhengig av t.d. kulturell bakgrunn, funksjonsnivå, sosioøkonomisk status, seksuell orientering eller kjønnsuttrykk
- tilskotsmottakarar med opne publikumsaktivitetar nyttar ordninga med følgekort for personar med nedsett funksjonsevne
- organisasjonen har god forretningsskikk og forsvarleg økonomiforvaltning
- styret skal kunne vise til fagleg og administrativ profesjonalitet, og at verksemda har kontinuitet uavhengig av enkeltpersonar

Slik vert søknadene vurderte

Vurderinga bygger på ei samla vurdering og skjer i fleire steg.

Søknader som oppfyller dei formelle krava blir fordelt på tre ulike støttekategoriar:

- Kategori 1: organisasjonar med særleg regional eller nasjonal verdi
- Kategori 2: frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar
- Kategori 3: studieforbund og regionale politiske ungdomsorganisasjonar

Søknadene blir vurderte ut frå

- i kva grad organisasjonen oppfyller føremålet med tilskotsordninga
- kvalitet, profesjonalitet og kontinuitet i drift og organisering
- samsvar med mål og prioriteringar for ordninga
- bidrag til deltaking, inkludering, frivilligheit, demokrati, berekraft og mangfald
- verksemda si regionale og / eller nasjonale verdi

For søknader i støttekategori 1 legg vi særleg vekt på

- i kva grad organisasjonen har sterk regional eller nasjonal verdi og / eller funksjon i kraft av oppdrag, storleik, fagleg tyngd, kvalitet og særpreg
- i kva grad organisasjonen oppfyller satsingar i regionale planar og strategiar innan kultur og folkehelse

For søknader innan kunst, kultur, kulturarv, idrett og friluftsliv leggjast særleg vekt på i kva grad organisasjonen bidreg til og har verdi for utvikling av kulturlivet i heile fylket.

For søknader innan folkehelse og inkludering leggjast særleg vekt på i kva grad organisasjonen bidreg til og har verdi for auka inkludering og betre folkehelse i heile fylket.

Slik vert støttebeløp fastsett

Vestland fylkeskommune fastset støttebeløp innanfor dei økonomiske rammene som er avsett til ordninga gjennom fylkesbudsjettet. Vi prioriterer søknadene opp mot kvarandre innanfor ramma av tilgjengelege midlar. Det inneber at søknader som oppfyller krava kan få heilt eller delvis tilskot, og at søknader av god kvalitet kan få avslag dersom midlane ikkje strekk til. Driftstilskotet skal som hovudregel ikkje overstige 50% av kostnadane til tilskotsmottakar. Ein søkar kan ikkje tildelast meir midlar enn han har søkt om.

Søknadene blir plasserte i tre kategoriar som ligg til grunn for fordelinga av driftstilskot.

Støttekategori 1 (organisasjonar med særleg regional eller nasjonal verdi)

Vi fastset driftstilskot etter ei heilskapleg vurdering av verksemda sitt føremål, omfang og verdi på

regionalt og/eller nasjonalt nivå. Vi ser dette i sammenheng med ansvar, aktivitet, økonomisk behov og annan offentlig finansiering. Tilskotet skal bidra til føreseieleg drift og stå i rimeleg forhold til verksemda si rolle og funksjon.

Har søkeren ein særavtale, det vil seie ein avtale som følger av vedtak i Stortinget (ofte omtala som romartalsvedtak), skal fylkeskommunen gje tilskot slik at vi som eit minimum oppfyller forpliktingane som følger av avtalen.

Støttekategori 2 (frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar)

Fylkeskommunen fastset støttebeløpet med 50 prosent etter kvantitative faktorar og 50 prosent etter ei kvalitativ vurdering basert punkta nedanfor:

Kvantitative faktorar:

- tal på teljande medlemmer (medlemmer som har betalt kontingent i det føregåande året)
- tal på kommunar i Vestland der organisasjonen har aktive lokallag
- tal på lokallag som er tilslutta organisasjonen sitt regionale ledd
- tal på faste, løna årsverk
- kor stor del av medlemsmassen som er under 26 år

Kvalitative vurderingar:

- organisasjonen sitt aktivitetsnivå og utviklingsarbeid
- organisasjonen sitt opplæringsarbeid og arbeid med skulering i demokrati
- organisasjonen sine samarbeidstiltak med andre organisasjonar og grupper
- i kva grad organisasjonen oppfyller mål og satsingar i regional plan for kultur 2023-2035

Støttekategori 3 (studieforbund og regionale politiske ungdomsparti)

Støttebeløp til studieforbund blir fastsett gjennom eit grunntilskot på 5000 kr og eit aktivitetstilskot basert på registrerte studietimar. Fylkeskommunen legg studietimar registrert i Statistisk Sentralbyrå (SSB) to år i førevegen til grunn for utrekninga av tilskot.

Støttebeløp til regionale politiske ungdomsparti blir fastsett slik:

Organisasjonar som stettar krava blir tildelt eit grunnbeløp på 20 000 kr. Det resterande beløpet blir fordelt mellom dei organisasjonane som stettar krava, basert på moderpartiet sitt resultat ved sist fylkestingsval. Tilskotet til kvar organisasjon blir utrekna slik:

1. moderpartiet sitt valresultat blir delt på summen av prosent på dei organisasjonane som stettar krava
2. resultatet blir multiplisert med den avsette summen til føremålet, etter frådrag av samla grunnbeløp

Justering av tilskotssum

Fylkeskommunen kan justere tilskotet i høve til tidlegare år dersom organisasjonen viser vesentleg framgang, utvikling, stagnasjon eller tilbakegang i aktivitet, resultat eller måloppnåing.

Midlane blir tildelte i samsvar med gjeldande [regelverk for offentlig støtte](#), jf. EØS-avtalen artikkel 61 (1). Dersom tiltaket inneber økonomisk aktivitet, kan statsstøtteregelverket avgrense kor stort tilskot som kan givast.

Slik behandlar vi søknadene

Vestland fylkeskommune legg forvaltningslova til grunn for all søknadsbehandling. Alle søknader er i utgangspunktet offentlig tilgjengelege, jf. forvaltningslova.

Avdeling for kultur og folkehelse førebur og gjer kulturfaglege vurderingar av søknadene.

- Hovudutval for kultur, idrett og inkludering får søknadane innan støttekategori 1 lagt fram for politisk behandling og vedtak. Hovudutvalet gjer endeleg vedtak om fordeling av tilskot etter at budsjettet for søknadsåret er vedteke av fylkestinget.
- Hovudutvalet får søknadene innan støttekategori 2 lagt fram for politisk behandling og vedtak. Søknadene i kategori 2 skal i hovudsak vere behandla innan tre månader etter søknadsfrist.
- Direktør for kultur og folkehelse får fullmakt til å fordele tilgjengelege midlar ved administrativt vedtak for søknader i støttekategori 3. Søknadene i kategori 3 skal i hovudsak vere behandla innan tre månader etter søknadsfrist.

Kvar tildeling er eit enkeltvedtak som skal grunngjevast med klar forankring i dei fylkespolitiske måla. Grunngjevinga skal vere tydeleg formulert og lett tilgjengeleg, både internt og for innbyggjarane.

Klage

Du kan klage på enkeltvedtak som fylkeskommunen har gjort, i tråd med forvaltningslova § 28 andre ledd. Klagefristen er tre veker og blir rekna frå den dagen du fekk melding om vedtaket.

Klagenemnda i fylkeskommunen behandlar klaga. I klaga må du skrive kva vedtak du klagar på, kvifor du meiner vedtaket er feil, og kva du ønskjer endra. Du sender klaga til Vestland fylkeskommune.

Oppfølging og rapportering

Tilskotet skal brukast i tråd med føresetnadene i retningslinjene og vedtaket om tilskot. Tilskotsmottakar må skriftleg melde frå til fylkeskommunen om vesentlege endringar i drifta.

Tilskotsmottakar sender inn årleg rapport med rekneskap og årsmelding.

- Fylkeskommunen og fylket sin revisor kan kontrollere at pengane blir forvalta som føresett. Tilskotsmottakar skal gje tilgang på naudsynte dokument og opplysingar ved ein slik kontroll.
- Rapportar for tilskot over 500 000 kr skal innehalde rekneskap stadfesta av revisor eller autorisert rekneskapsfører. Krava til type revisjon kan bli differensiert etter tilskotsmottakar sin organisasjonsstorleik og -art, og skal vere tilpassa fylkeskommunen sitt behov for ekstern stadfesting. Fylkeskommunen vil orientere om desse krava i tilsegnsbrevet som blir sendt til tilskotsmottakaren. Organisasjonar som nyttar kommunerevisjon eller anna offentleg revisjonsorgan er unntatt krava nemnt ovanfor.
- Fylkeskommunen kan kalle inn mottakarar av driftsstøtte til møte i høve rapportering.

Fylkeskommunen kan krevje heile eller delar av tilskotet tilbake dersom det er utbetalt tilskot i strid med retningslinjene, eller om tilskotet ikkje er nytta i samsvar med føresetnadene for tildelinga.